

Innspel til «søknad om konsesjon for planlagte Tyssebotn kraftverk»

Høringsuttalelse 202202956, og 202313720

Eit innspel frå aktiv gardbrukar og andelseigar av gards- og bruksnr. 107/1. I Tyssebotn driv eg støl om sumaren frå juni til oktober på vestenden av Nedre botnavatn. Eg har ein flokk med geit som beiter langs Nedre Botnavatn dag og natt for så å komme tilbake til stølen for mjølking to gonger om dagen. I tillegg driv eg med sau. Eg har ein flokk sau som eg tek opp og ned til fjellet via Tyssebotn, inn over elva som kjem ned frå Øvre Botnavatn (kommande kraftgate/karftstasjon) og opp til fjells innafor der. I utgangspunktet er eg ikkje negativ til denne utbygginga av ny kraftstasjon, men det krevjer at Småkraft viser omsyn til litt levebrød, stølsdrifta og naturverdiane i området.

Under er nemnd nokon merknader til ulike kulepunkt frå «Søknad om konsesjon for planlagte Tyssebotn kraftverk», med saksnr. 202202956. Men momenta er vell så viktige til «Søknad om konsesjon for nettilknytning og elektrisk anlegg tilknyttet Tyssebotn kraftverk» med saksnr. 202313720.



Figur 1. Geitene på stølsvollen i 2021. I bakgrunnen syner slåttemarka, løa inne på garden og elva det er søkt kraftverk på.

Kommentarar knytt til dei ulike punkta i søknaden,

2.7 Vannvei

Gjerde frå Nedre Botnavatn og opp til Øvre Botnavatn, må ikkje brytast. Skiljegjerdet for beiteområda

til mitt bruk nr. 107/1 og bruk 107/2+3 må ikkje under noko omstendigheit stå ope, så dyr slipper inn til kvarandre. Det har over fleir år vert konflikt om blant anna beite fordelinga på desse garane både jordskifte og tingrett. Om det førekjem dyr på avveie grunna byggeprosessen må Småkraft ordne eventuelle økonomiske- eller rettslegekrav frå nabo. Denne byggeprosessen kan ikkje gi meg eit kostnadar. Ser helst at Småkraft tek på seg ansvaret for å halde dette gjerdet tett, både i anleggsfasen og så lenge kraftverket består. Ref. «I anleggsfasen vil bredde på rørtrassen midlertidig være mellom 10 og 30 m», som truleg vil komme i konflikt med gjerdet vårt.

Ber også om at tre som vert hogd oppe i skogen langs rørtraseen og resten av anleggsrådet vert rydda og brakt ned til vegen, så eg kan nytte det til drifta mi. Eg bruker blant anna ved til å koke brunost, så tømmer er ein svært viktig ressurs for meg på stølen. I tillegg til at det i dette området er svært store tre som truleg også kan nyttast til konstruksjonsvirke. Så å la trea ligga att oppe i lia ville våre svært dårleg ressursutnytting.

2.12. Nettilknytning

Det er planlagt at den nye jordkabelen skal komme over i luft rett sør for stølen min. På stølen min tek eg imot grupper med folk på tur som ynskjer å lære om stølsdrift. Både det tradisjonelle og den meir moderne måten eg driv i dag. I den samanheng vil det vera svært skjemmande med meir master og utbygging rett rundt tunet mitt. At den fine fossen i utsikten over vattet frå stølen vert bytta ut med røyrgate og kraftverk får me ikkje gjort så masse med, men å ha eit stort tilknytingspunkt for straum rett utanfor hagegjerdet mitt bør flyttast lenger ned vegen mot demninga i Nedre botnvatn.

Eg vil også minne om at då avtalen om kraftutbygging var signert for generasjonar sidan var fri kraft til eit gitt antal ein del av avtalen. Det må ikkje gløymast at husa inne i Tyssebotn fortsatt må ha straum til tross for at kabelen skal gravast ned. Kjem det ny linje i jordkabel opp til garden også?

Om utbygginga vert realisert og det skal forekomme periodar utan straum, må dette avtalast i god tid og finna ei løysing på korleis det skal løysast for stølsdrifta. Eg har mjølkeanlegg som må gå morgon og kveld, kjøletank som må gå kontinuerleg og røreverk til ystekjel som i den travlaste tida om sumaren/hausten treng straumtilførsel døgnet rundt. Dette i tillegg til reint varmtvatn til reinhald i produksjonen. Om det vert straumstans, må eg få beskjed i god tid og få tilgong til anna straumkilde, for eksempel aggregat.

3.5.2 Konsekvensvurdering, naturtypar

Det er ikkje berre naturbeitemark i Tyssebotn, det er også slåttemark. Eg og familien min har slått tørrhøy her i årevis. Mykje av slåttemarka vil forsvinne. Eg ber om at vegen vert bygd skånsamt i terrenget og om det vert overskot av matjorda vert nytta på ein annan plass på eigedommen min. Planlagt etter avtale med meg.



Figur 2 Høyslått med garden inne i Tyssebotn 2024, ynskjer skånsam byggeprosess her, utanom sesong.

3.8.1 Dagens verdi

Inne i Tyssebotn er det to gardsbruk, ikkje fritidsboliger. Far min er fødd her inne og budd her sine fyrste leveår. Då på ein gard i full drift meg mjølkegeit og sau. Slik det har våre gjort her inne i generasjonar. I dag bruker eg løa til å lagre tørrhøy frå slåttan/hesjinga av slåttemarka rundt garden (sjå figur 1). Det er ikkje ei hytte på vestenden av Nedre Botnavatn. Det er to stølar i aktiv drift. Med kvar sin flokk med mjølkegeit og kvar sitt brunost ysteri. I tillegg til at eg tek imot grupper med fotturistar på stølsdagar på min støl. Eg bur der oppe med geitene mine heile sumaren, frå juni til oktober. Det kategoriserer ikkje som ei hytte. Det er ein heim og ein arbeidsplass.

For å minne om, er støling er ein nasjonal kulturarv som er så viktig, at den nyleg kom på lista over UNESCOs verdensarvliste over ting me skal ta vare på. Difor ynskjer me at denne utbygginga vert gjort med så varsamt og med omsyn som mogleg for ikkje å forringe drifta vår.

3.11.2 Konsekvensvurdering

«Under anleggsarbeida kan det være utfordrande å drive med beite på Tyssebotnen, da det vil bli en del trafikk og støy.» Det er ikkje komme med nokon forslag på erstatning eller løysing på dette problemet. Korleis skal dette erstattast? Geitene beiter alt graset sitt sjølv, når dei er på stølen om sommaren. Som dei ulike karta i rapporten over jorddekke viser, er det inne i Tyssebotn dei beste

beiteområda er. Det er irrelevant for geitene at det er bratt og noko gamal bjørkeskog, det er det beste beitet for geitene mine. Forslag på å formilde dette er å vera ferdig med bygginga som er nærmast stølen min, innan stølsesseongen byrjar. Altså starten av juni. Største delen av beiteområdet mitt er på nordsida av Nedre botnavatn, altså sida all byggetrafikken kjem til å komme. Om vegen og byggesjauen er kjem inn forbi gjerdet med innmarka med garden i Tyssebotn så kan vegen stengast med grind og dyra vil vera trygt unna bygginga og minimera stresset bygginga har for dyra.

3.12 Ferskvannsressurser

3.12.1 Dagens situasjon og verdivurdering

At det er ingen kjende vassforsyning til drikkevatten er feil skrive i rapporten. Eg bruker vatnet frå Nedre botnavatn til drikkevatten på stølen. Pumper det opp frå vatnet til stølen, via eige pumpehus. Dette er vatten me bruker til matlaginga, til osteproduksjonen, og har ei godkjenning av mattilsynet å bruke. Korleis skal Småkraft ta hensyn til dette? Særleg i byggeperioden. Kan det vera mogleg å sende inn vassprøver jamleg? Og betale nye filter til renselanlegget om dei går tett av byggestøv og -slam, om det skulle komme mykje av det i Nedre Botnavatnet ?

3.13 Brukerinteresser

3.13.1 Dagens situasjon og verdivurdering

I tillegg til å drive støl og tømmer- og vedhogst på denne garden bruker eg den årleg til jakt. Både småvilt og hjortejakt. Eg er valdleiar i Tyssebotn vald, og har ikkje blitt spurd om det er eit aktivt brukt jaktområde. Det er eit aktivt brukt jaktområde. Av oss grunneigarar, men me leiger ikkje ut jakt.

Det er ikkje sal av fiskekort, fordi grunneigarane ynskjer å behalde fisket sjølv.

3.13.2 Konsekvensvurdering

Som grunneigar ber eg om at adkomstvegen vert bygd så skånsamt som mogleg, utan store skjeringar eller fyllingar. Då eg bruker løa inne på garden i Tyssebotn, ber eg om at det vert teke hensyn til at eg kjem til løa med den nye vegen. Ein veg til husa på garden vil også vera nytting for kommande vedlikehald.

Omlegging av sti. Om utbygginga skal forgå om hausten under sanking, må det leggest til rette for at me kan føre dyr over elva. Uavhengig om kor langt det er komme i byggeprosessen, kan ikkje stien stengast for denne ferdselen. Det er bratte fjell med få moglege passasjar ned frå fjellet, dette er hovudvegen vår, så den kan ikkje stengast av i ei så avgjerande tid.

Oppsummering

Utbygginga må ta omsyn til stølsdrifta. Koordinera byggetidspunkt så den er minst til problem for stølsdrifta. Burde vere ferdig med anleggsveg innan juni byrjar.

Flytte tilknytingspunktet frå kabel i grøft til luft lenger bort frå utsikta/syninga frå stølen.

Visa hensyn til utbygging i beiteområdet mitt. Kan ikkje gjere det vert driftstap for meg. Å drive med mjølkegeit er allereie ei marginal næring.

Halde sti over elva open om hausten, innan sau kjem ned frå fjellet, sanking av dyra.

Vennleg helsing Guri Ophus Tyssebotn, budeie, geitebonde og andelseigar av g.b.nr 107/1